

# Warfarin saman med blodplatehemming

Behandling av pasientar som treng både peroral antikoagulasjon og blodplatehemming er ein utfordrande balansegang mellom risikoar – bløding, trombose og tromboemboli. Bruken av warfarin, acetylsalisylsyre og klopidogrel er avhengig av indikasjonen for behandling og av risikoen.

Se også kunnskapsprøve på [www.tidsskriftet.no/quiz](http://www.tidsskriftet.no/quiz)

**Harald Vik-Mo**

*harald.vik-mo@ntnu.no*

Hjertemedisinsk avdeling

St. Olavs hospital

og

Institutt for sirkulasjon og bildediagnostikk

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

## Materiale og metode

Artikkelen er bygd på ikkje-systematisk litteratursøkning i PubMed og på den kliniske erfaringa som intervensjonskardiolog forfattaren har.

## Noverande retningsliner

Ved akutt hjartearfarkt blir det i internasjonale retningsliner tilrådd livslang behandling med acetylsalisylsyre (75–100 mg dagleg) og klopidogrel (75 mg dagleg) i 12 månader, utan omsyn til annan behandling i akuttfasen (4). Etter innsetting av stent er rådet kombinert bruk av acetylsalisylsyre og tienopyridin (klopidogrel er mest vanleg, alternativt tiklopidin eller prasugrel) i 3–4 veker ved rein metallstent, i 9–12 månader etter innsetting av medikamentdekkta stent (1, 6). Også her er anbefalinga livslang behandling med acetylsalisylsyre. Dersom pasienten har akutt koronarsyndrom, er behandlingstida med klopidogrel 9–12 månader, uavhengig av stenttype (1).

Ved stabil angina pectoris blir det tilrådd acetylsalisylsyre 75 mg dagleg som livslang behandling. Peroral antikoagulasjon åleine har ingen plass som antitrombotisk profylakse etter perkutan koronar intervensjon (1), og warfarin åleine har berre ei svak tilråding som profylakse etter akutt koronarsyndrom hos dei som ikkje toler blodplatehemmarar (4).

Atrieflimmer er vanlegaste indikasjonen for langvarig behandling med warfarin. Internasjonale retningsliner for antikoagulasjonsbehandling var før ikkje lenge sidan omtalt i Tidsskriftet (7). Det er sterkt indikasjon for warfarin ved atrieflimmer hos pasientar med moderat til høg risiko for tromboemboli, definert som to eller fleire risikofaktorar i tillegg til atrieflimmer: alder > 75 år, diabetes mellitus, hypertensjon, hjartesvikt og tidlegare hjerneslag eller TIA (transitorisk iskemisk attakk). Tidlegare hjerneslag er rekna som dobbelt risikofaktor (7, 8). Optimalt INR-nivå (International Normalized Ratio) ved atrieflimmer er 2,5 (2,0–3,0). Ved ein risikofaktor i tillegg til atrieflimmer blir acetylsalisylsyre og warfarin rekna som likeverdige, og acetylsalisylsyre som monoterapi blir tilrådd ved atrieflimmer utan tilleggsrisiko for tromboemboli (7, 8).

Antitrombotisk behandling med medikament som verkar på koagulasjonen (warfarin, heparin) eller på blodplatefunksjonen (acetylsalisylsyre, klopidogrel) er vanleg ved hjartesjukdom, men om ein skal velje antikoagulasjon eller blodplatehemming er sterkt avhengig av tilstanden. Ved akutt koronarsyndrom og etter perkutan koronar intervensjon (PCI) med innsetting av intrakoronar stent er kombinasjonen av acetylsalisylsyre og tienopyridin (klopidogrel, tiklopidin eller prasugrel) standardbehandling (1). Mange pasientar med koronar hjartesjukdom har andre tilstandar med sterkt indikasjon for langvarig antikoagulasjonsbehandling, som atrieflimmer, mekaniske hjarteklaffar eller venøs tromboemboli. Det gjeld også 5–10 % av dei som gjennomgår perkutan koronar intervensjon med stenting (2, 3). Warfarin åleine gjev ikkje tilstrekkeleg vern mot residiv etter akutt koronarsyndrom eller mot stenttrombose samanlikna med blodplatehemmarar (4, 5). For mange pasientar er det derfor sterkt indikasjon for både effektiv blodplatehemming og warfarin. Peroral antikoagulasjon saman med blodplatehemmarar vil gje auka risiko for bløding, mens mangefull blodplatehemming vil auke risikoen for trombose (fig 1).

Det finst i dag ingen prospektive, randomiserte studiar om kva som er den optimale kombinasjonen av warfarin og blodplatehemmarar, difor varierer praksisen sterkt. I denne artikkelen omtalast indikasjonar for kombinert bruk av warfarin og blodplatehemmarar, og det er enkelte råd om korleis ein kan gje effektiv antitrombotisk behandling med minst mogleg risiko for komplikasjonar.

## Blodplatehemmarar og warfarin saman

Det er nyleg publisert eit europeisk konensusdokument om antitrombotisk behandling av atrieflimmerpasientar som får perkutan koronar intervensjon (3). Hos dei som treng langvarig warfarinbehandling, blir det brukt ulike regime: Anten trippelbehandling med warfarin, acetylsalisylsyre og klopidogrel (det mest vanlege), warfarin saman med anten klopidogrel eller acetylsalisylsyre eller seponering av warfarin i perioden pasienten treng to blodplatehemmarar (2). Det finst ingen randomiserte studier der ein har samanlikna desse tre.

Ut frå observasjonsstudiane, og med tilråding frå konsensusdokumentet, synest trippelbehandling vere det beste alternativet for pasientar der det er sterkt indikasjon for warfarin (3). Ved trippelbehandling er det dokumentert låg risiko for emboliske hjerneslag og stenttrombose, men risikoen for alvorlege blødingar er auka. Ut frå observasjonsstudiar er det 6–12 % som årleg får alvorleg bløding ved trippelbehandling (2, 5), mest ved langvarig kombinasjonsbehandling i meir enn 30 dagar og i samband med PCI-prosedyre (2, 9). Risikoen for bløding er størst dersom warfarin blir erstatta med lågmolekylært heparin, og risikoen har nærmest samanheng med intensiteten i antikoagulasjonsbehandlinga (9). Ved kombinasjonen acetylsalisylsyre i lågdosering og antikoagulasjon med låg intensitet (INR 2,0–2,5) vart det i den norske WARIS II-studien berre funne auke i mindre alvorlege blødingar samanlikna med acetylsalisylsyre åleine (10).

Risikoen for stenttrombose er størst dei første 30 dagane etter ein PCI-prosedyre og er i denne perioden like stor med rein metall-

## Hovedbudskap

- Der det er behov for både blodplatehemming og antikoagulasjon er kombinasjonen warfarin, acetylsalisylsyre og klopidogrel mest brukta
- Denne kombinasjonen gjev god profylakse mot koronartrombose, stenttrombose og tromboemboli, men auka risiko for bløding
- Blødingsrisikoen blir redusert ved nøyde INR-kontroll og ved å korte ned tida med behandling med to blodplatehemmarar

stent som med medikamentdekka stent. Det er større risiko for sein stenttrombose ved bruk av medikamentdekka stent, og risikoen er høg i fleire år (11, 12).


### Kombinasjonsbehandling – tiltak for risikoredusering

Hos dei som har låg risiko for tromboemboli, bør ein vurdere om warfarin kan seponerast i perioden der pasienten treng to blodplatehemmarar. Warfarin skal ikkje seponerast hos dei som har høg risiko for tromboemboli, slik som tidlegare hjerneslag, mitralstenose og mekanisk hjarteklaff. Ved djup venetrombose, lungeemboli og trombe i venstre ventrikkel skal warfarin brukast i ein avgrensa periode, og då bør ein vurdere om perkutan koronar intervension kan utsetjast til warfarinbehandlinga er avslutta.

Det har vore vanleg å erstatte warfarin med heparin eller lågmolekylært heparin hos pasientar med akutt koronarsyndrom eller hos dei som skal gjennomgå elektiv perkutan koronar intervension med stenting. Det har vist seg dette behandlingsregimet gjev auka risiko for tromboemboli i perioden utan warfarin og auka risiko for blødning i perioden med både heparin og warfarin. Nye studiar har vist at det blir mindre risiko for blødning og tromboemboli om ein ikkje seponerer warfarin, men i staden for å gå over til lågmolekylært heparin reduserer INR-nivået i den perioden det er nødvendig å kombinere warfarin med blodplatehemmarar (3, 9).

Det er godt dokumentert at langvarig dobbel blodplatehemming gjev mindre risiko for stenttrombose, og tilrådinga i internasjonale retningslinjer er sterkt (1, 6). Det er ikkje tilsvarende god dokumentasjon av langtideffekt av dobbel blodplatehemming etter akutt koronarsyndrom utan perkutan koronar intervension, og tilrådinga om bruk er langt svakare (4). Ved sterkt indikasjon for warfarin hos pasientar med akutt koronarsyndrom som ikkje får PCI-behandling, bør ein derfor vurdere behandling med berre ein enkelt blodplatehemmar i tillegg til warfarin utanom akuttfasen.

Transradial tilgang gjer det mindre naudsynt å senke INR-nivået under ein PCI-prosedyre enn femoral tilgang. Dei som treng langvarig peroral antikoagulasjon, bør vanlegvis få rein metallstent for å unngå den lange perioden med to blodplatehemmarar (3). Ved tillegg av blodplatehemmarar er det vanleg å redusere INR-nivået med ei halv eining for å redusere risikoen for blødning, slik at INR 2,0–2,5 vil vere optimalt nivå for dei fleste pasientar med atriflimmer (3, 7). Optimalt INR-nivå ved trippelbehandling må tilpassast individuelt – behandlinga krev nøyne kontroll av INR-nivået og ein må vere spesielt merksam på interaksjon med andre legemiddel. Alternativ medisinsk eller kirurgisk behandling bør vurderast nøyne før perkutan koronar intervension med stenting hos pasientar med stor blödingsrisiko. For å redusere risikoen for blødning er det i nye internasjonale retningslinjer tilrådd langtidsbe-



**Figur 1** Trombose og blødning ved bruk av warfarin og blodplatehemmarar

handling med warfarin åleine (INR 2,0–3,0) etter at behandlingsperioden med blodplatehemmarar er avslutta (3). Pasientar som ikkje brukar warfarin, skal ha livslang behandles med ein blodplatehemmar, vanlegvis acetylsalisylsyre (1, 6).

### Tilråding

Valet av behandling er avhengig av indikasjonen for antikoagulasjon og risikoen hos den enkelte pasienten. Ved sterkt indikasjon for warfarin er kontinuerleg bruk av dette midlet saman med klopidogrel (75 mg dagleg) og acetylsalisylsyre (75 mg dagleg) vanlegvis det beste behandlingsregimet. Warfarin bør brukast kontinuerleg utan overgang til lågmolekylært heparin, og INR-nivået bør reduserast til nedre terapeutiske område, vanlegvis INR 2,0–2,5, ved atriflimmer (3). Ved akutt koronarsyndrom utan perkutan koronar intervension bør ein vurdere kort behandlingstid med to blodplatehemmarar eller berre ein blodplatehemmar i tillegg til warfarin. Transradial arterietilgang ved PCI-prosedyren vil gje lågare risiko for blødning. Det blir tilrådd bruk av rein metallstent hos dei som berre treng 3–4 veker behandling med to blodplatehemmarar (2, 3). Dei som får medikamentdekka stent, bør ta to blodplatehemmarar i 9–12 månader, kombinert med warfarin ut frå den tromboemboliske risikoen (3). Etter at behandlingsperioden er avslutta, blir det tilrådd langtidsbehandling med warfarin åleine (INR 2,0–3,0) (3). Ved låg tromboembolisk risiko og dermed mindre sterkt indikasjon for warfarin, kan ein seponere dette midlet i den perioden pasienten får behandling med acetylsalisylsyre og klopidogrel.

*Oppgitte interessekonflikter: Ingen*

### Litteratur

- Silber S, Albertsson P, Avilés FF et al. Guidelines for percutaneous coronary interventions. The Task Force for Percutaneous Coronary Interventions of the European Society of Cardiology. Eur Heart J 2005; 26: 804–47.
- Karjalainen PP, Porela P, Ylitalo A et al. Safety and efficacy of combined antiplatelet-warfarin therapy after coronary stenting. Eur Heart J 2007; 28: 726–32.
- Lip GYH, Huber K, Andreotti F et al; Consensus Document of European Society of Cardiology Working Group on Thrombosis. Antithrombotic management of atrial fibrillation patients presenting with acute coronary syndrome and/or undergoing coronary stenting: executive summary—a Consensus Document of the European Society of Cardiology Working Group on Thrombosis, endorsed by the European Heart Rhythm Association (EHRA) and the European Association of Percutaneous Cardiovascular Interventions (EAPCI). Eur Heart J 2010; 31: 1311–8.
- Van de Werf F, Bax J, Betriu A et al. Management of acute myocardial infarction in patients presenting with persistent ST-segment elevation: the Task Force on the Management of ST-Segment Elevation Acute Myocardial Infarction of the European Society of Cardiology. Eur Heart J 2008; 29: 2909–45.
- Rubboli A, Milandri M, Castelvetro C et al. Meta-analysis of trials comparing oral anticoagulation and aspirin versus dual antiplatelet therapy after coronary stenting. Clues for the management of patients with an indication for long-term anti-coagulation undergoing coronary stenting. Cardiology 2005; 104: 101–6.
- Grines CL, Bonow RO, Casey DE Jr et al. Prevention of premature discontinuation of dual anti-platelet therapy in patients with coronary artery stents. Catheter Cardiovasc Interv 2007; 69: 334–40.
- Tveit A. Nye internasjonale retningslinjer for antitrombotisk behandling ved atriflimmer. Tidsskr Nor Legeforen 2009; 129: 1332–5.
- Fuster V, Rydén LE, Cannon DS et al. ACC/AHA/ESC 2006 guidelines for the management of patients with atrial fibrillation. Europace 2006; 8: 651–745.
- Karjalainen PP, Wiklund S, Niemelä M et al. Safety of percutaneous coronary intervention during uninterrupted oral anticoagulant treatment. Eur Heart J 2008; 29: 1001–10.
- Hurten M, Abderno M, Smith P et al. Warfarin, aspirin, or both after myocardial infarction. N Engl J Med 2002; 347: 969–74.
- Spaulding C, Daemen J, Boersma E et al. A pooled analysis of data comparing sirolimus-eluting stents with bare-metal stents. N Engl J Med 2007; 356: 989–97.
- Vik-Mo H, Slette M, Hegbom K. Antitrombotisk behandling etter perkutan koronar intervension med stent. Tidsskr Nor Legeforen 2008; 128: 436–9.

*Manuskriptet ble mottatt 30.9. 2009 og godkjent 16.9. 2010. Medisinsk redaktør Are Brean.*